



Torstein Skuggedal
Andvikvegen 589
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/838 - 17/4901

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
04.08.2017

Melding om delegert vedtak - frådeling til bustadtomt - Gbnr 28/2 Andvik

Vi syner til søknad motteke den 02.07.2017

Administrativt vedtak. Saknr: 070/2017

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 bokstav m i plan og bygningslova og godkjenner oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål på om lag 2 daa frå gbnr 28/2, Andvik.

Søknad med vedlegg vert godkjent på fylgjande vilkår:

Det må sendast inn forhold som gjeld nye rettar i gbnr 28/2, til bruk av veg og leidningar m.m, må sendast inn før oppretting av ny grunneigedom kan utførast.

Grunngjeving:

Søknaden er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen - og slik eit ønskja tiltak i området.

Heimel:

Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m.

Arealdelen til kommuneplanen 2012-2024

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknaden gjeld oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 28/2 til bustadføremål der Magrete Andvik og Torstein Skuggedal er tiltakshavarar.

2. Uttale

Tiltaket er nabovarsla, det er ingen merknader til søknaden.

3. Fakta

Eigedomen det er søkt om å opprette, er om lag 2 daa stor.

Arealet er avsett i arealdelen til kommuneplanen til LNF-område med spreidd bustadbyggjing.

Skredfarevurdering: dette er avklart i søknad om busdathuset saknr 099/2016.

4. Vurdering

Søknaden er i samsvar med formålet avsett i gjeldande plan for området.

Forhold som gjeld nye rettar i gbnr 28/2 til bruk av veg og leidningar m.m, må sendast inn før oppretting av ny grunneigedom kan utførast.

5. Konklusjon

Søknaden er i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen og slik eit ønskja tiltak i området.

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Tømrar Helge Andvik

Andvikvegen 509 5981

MASFJORDNES

Mottakarar:

Magrete Andvik og Oddbjørn
Skuggedal
Torstein Skuggedal

Andvikvegen 589 5981

MASFJORDNES